



Solblom (Arnica montana) er ei sjeldsynt og vakker plante.

På Kjærland i Uskedalen står den no og blømer på det finaste.

Den solgule korgplanta trivst på ugjødsla beitemark og mykje av tilbakegangen dei siste tiåra skuldast gjengroing og bruk av kunstgjødsel.

Solblom står på den nasjonale raudlista over utryddingstrua planter.

Sist solblom vart observert av botanikarar på våre trakter var i 1979 på Friheim og før dette i ein vegkant på ukjent stad i Uskedalen i 1951.

I perioden 1909 - 1936 var det spreidde observasjonar over store delar av kommunen: Varaldsøy, Rosendal, Omvikdalen, Holmedal, Halsnøy, Borgundøy og ved eit høve i 1912 på Musland i Uskedalen.

Av Margun Eik

(Foto: Anbjørn Høivik)